



Opphevingsskilt ved Djupehølen av ei fatsgrnse som ikkje er skilta før.

**Skilting og fartsgrenser engasjerer. Det er noko Uskedalen.no registrerer og som redaksjonen har motteke meldingar om. Farten i sentrum er 40 km/t. Dei som bur og driv næring langs Fylkesvegen har ikkje merka noko til redusert fart. Farten er den same. På Uskedalsvegen mot Steinsletto med oppheva fartsgrense utom Uskedal Bru er farten merkbar høgare. Ikkje så merkeleg så lenge bilistane trur opphevinga er til 80 km/t. Her er det heller ikkje gule striper.**

Kva så med vegen på Døsslandssido og Kjærlandssido ?

Dersom ein tek av frå Fylkesvegen ved Kapteinsgarden på Nedre Fet og køyrer mot Døssland, så gjeld ei generell fartsgrense så lenge ein er komen inn på ny veg. Det kan vera 80 km/t eller 50 km/t. Vegen er ikkje skilta før ein kjem til Djupehølen der det står eit opphevingsskilt frå 50 km/t. Opphevinga gjeld for ei fartsgrense som ikkje er kjend eller sett. Kva så: Utan å vita at farten er 50 km/t den andre vegen, er det lett å tenkja at opphevinga er til 80 km/t.

Å koma frå dalen eller frå Rosendal/Husnes mot sentrum er meir eintydig. Det er opphevingsskilta som skapar usikkerhet, særleg når ein er på ein veg utan gule striper og ikkje veit om ein er i tettbygd strøk eller ikkje.

Politiet er gjort merksam på farten gjennom Uskedalen etter nye fartsgrenser og skilt er på plass. Vi er ikkje kjende med kva tiltak som vert iverksett.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal